

AUD-rapport nr. 03-18

# **Evaluering av vekslingsmodellen i Hordaland 2013-2017**



## **OM RAPPORTEN**

Ansvarleg avdeling/eining: Forsking, internasjonalisering og analyse

Kontaktinformasjon/ e-post: Martin Tvedt, rådgjevar; [martin.tvedt@hfk.no](mailto:martin.tvedt@hfk.no); Torbjørn Lorentzen; tidl. rådgjevar

Framsidefoto: HFK

Dato: 12.02.2018

# INNHOLD

<b>1</b>	<b>INTRODUKSJON .....</b>	<b>8</b>
1.1	Om Vekslingsmodellen .....	8
1.2	Motivasjon for veksling i yrkesfaga .....	8
1.3	Forsøk med veksling i Hordaland .....	9
1.4	Problemstilling .....	9
<b>2</b>	<b>METODE .....</b>	<b>10</b>
2.1	Spørjeundersøking vekslingslærlingar .....	10
2.2	Spørjeundersøking vekslingsbedrifter .....	10
2.3	Intervju .....	11
2.4	Statistiske analysar .....	11
2.5	Kost-nytte analyse .....	11
<b>3</b>	<b>VEKSLING I HEA OG BUA.....</b>	<b>12</b>
3.1	Erfaringar frå skule og lærebodrift .....	12
3.1.1	Utdanningsløpet og rekruttering til modellen .....	12
3.1.2	Undervisning .....	12
3.1.3	Om elevane .....	13
3.1.4	Klassemiljø .....	13
3.1.5	Opplæring og oppfølging i bedrift .....	13
3.1.6	Samarbeid om læringsmateriell .....	14
3.1.7	Effektar av forsøket og vidareføring av modellen .....	14
3.1.8	Oppsummering skule og lærebodrift HEA/BUA .....	15
3.2	Erfaringar frå lærlingar .....	15
3.2.1	Val av veksling .....	15
3.2.2	Veksling mellom skule og bedrift .....	16
3.2.3	Oppfølging og rettleiing .....	16
3.2.4	Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i HEA .....	17
3.2.5	Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i BUA .....	19
3.2.6	Framtidsutsikter .....	21
3.2.7	Oppsummering lærlingar HEA/BUA .....	22
3.3	Erfaringar frå arbeidsplassane i lærebodrifa .....	23
3.3.1	Informasjon og organisering .....	23
3.3.2	Samanlikning av vekslingslærlingar og ordinære lærlingar .....	23
3.3.3	Oppsummering .....	23
<b>4</b>	<b>VEKSLING I TØMRARFAGET .....</b>	<b>24</b>
4.1	Erfaringar frå skule og opplæringskontor .....	24
4.1.1	Utdanningsløp og rekruttering til modellen .....	24

4.1.2	Undervisning.....	24
4.1.3	Om elevane .....	25
4.1.4	Klasse- og læringsmiljø .....	25
4.1.5	Oppfølging og opplæring i bedrift .....	25
4.1.6	Samarbeid mellom skulen og bedriftene .....	26
4.1.7	Effektar av forsøket og vidareføring av modellen.....	26
4.1.8	Oppsummering skule og opplæringskontor.....	26
<b>4.2</b>	<b>Erfaringar frå lærlingane.....</b>	<b>27</b>
4.2.1	Val av veksling.....	27
4.2.2	Veksling mellom skule og bedrift.....	27
4.2.3	Oppfølging og rettleiing .....	28
4.2.4	Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i tømrarfaget.....	29
4.2.5	Framtidsutsikter .....	31
4.2.6	Oppsummering lærlingar tømrarfaget .....	31
<b>4.3</b>	<b>Erfaringar frå lærebedriftene .....</b>	<b>32</b>
4.3.1	Informasjon og organisering .....	32
4.3.2	Samanlikning av vekslingslærlingar og ordinære lærlingar.....	32
4.3.3	Samanlikning av vekslingsbedriftar med alle lærebedriftar i tømrarfaget .....	32
4.3.4	Oppsummering lærebedrifter tømrarfaget.....	33
<b>4.4</b>	<b>Erfaringar frå lærlingar i Frisørfaget.....</b>	<b>34</b>
4.4.1	Val av veskling.....	34
4.4.2	Veksling mellom skule og arbeidsliv.....	34
4.4.3	Oppfølging og rettleiing .....	35
4.4.4	Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i frisørfaget .....	36
4.4.5	Oppsummering lærlingar frisørfaget.....	37
<b>5</b>	<b>GJENNOMFØRING I VEKSLINGSMODELLEN .....</b>	<b>38</b>
<b>5.1</b>	<b>Samandrag av funn frå statistiske analysar .....</b>	<b>38</b>
5.1.1	Tolking av resultat .....	38
<b>6</b>	<b>KOSTNADAR OG RESSURSBRUK.....</b>	<b>39</b>
6.1	Kostnader knytt til organisering og undervisning .....	39
6.2	Tilgang på læreplass .....	39
6.3	Mangfald og nytteverdi .....	39
<b>7</b>	<b>REFERANSAR.....</b>	<b>40</b>



# FIGURLISTE

Figur 1: Val av vekslingsmodellen. Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Prosent. Fleire svar mogleg.	15
Figur 2: Tilfredsheit med tidsfordelinga i skule og bedrift i Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.	16
Figur 3: Oppfølging frå skule og bedrift i Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.	16
Figur 4: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingeundersøkinga (UDIR). Blå søyler er vekslingsundersøkinga, mens brune søyler er lærlingeundersøkinga. På spørsmål der det er positiv signifikant forskjell for vekslingsundersøkinga (ved 95 % konfidensnivå), er søyla merka grøn. Der det er signifikante negative forskjellar er søyla for vekslingsundersøkinga merka raud. Feilmargin (ved 95 % konfidensnivå) er +/- 4,6 % for vekslingsundersøkinga (HEA) og er vist som feilfelt.	17
Figur 6: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingeundersøkinga (UDIR). Blå søyler er vekslingsundersøkinga, mens brune søyler er lærlingeundersøkinga. På spørsmål der det er positiv signifikant forskjell for vekslingsundersøkinga (ved 95 % konfidensnivå), er søyla merka grøn. Der det er signifikante negative forskjellar er søyla for vekslingsundersøkinga merka raud. Feilmarginen for vekslingsundersøkinga (BUA) er +/- 5,9 % og er vist som feilfelt.	19
Figur 7: Om fullføring av læretid, utdanning og vidare arbeid. Vekslingslærlingar og alle lærlingar innafor Helsearbeidarfaget i Hordaland. Prosent. VU=vekslingsundersøkinga (HFK), LU=lærlingeundersøkinga (UDIR)	21
Figur 8: Om fullføring av læretid, utdanning og vidare arbeid. Vekslingslærlingar og alle lærlingar innafor Barne- og ungdomsarbeidarfaget i Hordaland. Prosent. VU=vekslingsundersøkinga (HFK), LU=lærlingeundersøkinga (UDIR)	22
Figur 9: årsaker til at tømrarelevane har valt vekslingsmodellen. Prosent av respondentar. Fleire svar mogleg.	27
Figur 10: Tilfredsheit med tidsfordelinga i skule og i bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.	27
Figur 11: Oppfølging frå skule og bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.	28
Figur 12: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingeundersøkinga (UDIR). Blå søyler er vekslingsundersøkinga, mens brune søyler er lærlingeundersøkinga. På spørsmål der det er signifikant forskjell (ved 95 % konfidensnivå), er søyla merka grøn. Feilmarginen (ved 95 % konfidensnivå) for vekslingsundersøkinga (tømrar) er +/- 2% og er vist som feilfelt.	29
Figur 13: Haldningar og forståing for krav i arbeidslivet. Vekslingsbedriftundersøkinga (HFK) og lærebedriftundersøkinga (UDIR). Snittverdiar skala. Der vekslingsbedriftundersøkinga har ein positiv signifikant skilnad til lærebedriftundersøkinga er søyla merka grøn.	33
Figur 14: Hjelp og støtte frå instruktør/rettleiar. Snittverdiar skala. Vekslingsbedriftundersøkinga (HFK) og lærebedriftundersøkinga (UDIR).	33
Figur 15: I kva grad lærebedriftene er fornøgde med samarbeidet med vidaregåande skule. Snittverdiar skala. Vekslingsbedriftundersøkinga (HFK) og lærebedriftundersøkinga (UDIR).	33
Figur 16: Årsaker til at frisørlærlingane har valt vekslingsmodellen. Prosent av respondentar. Fleire svar mogleg.	34
Figur 17: Tilfredsheit med tidsfordelinga i skule og i bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.	35
Figur 18: Oppfølging frå skule og bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.	35
Figur 19: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingeundersøkinga (UDIR). Blå søyler er vekslingsundersøkinga, mens brune søyler er lærlingeundersøkinga. På spørsmål der det er signifikant positiv forskjell for vekslingsundersøkinga (ved 95 % konfidensnivå), er søyla merka grøn. Dersom dei signifikante forskjellane er negative for vekslingsundersøkinga er søyla merka raud.	36

# 1 Introduksjon

## 1.1 OM VEKSLINGSMODELLEN

Vekslingsmodellen er eit alternativt opplæringsløp for yrkesfaga i den vidaregåande skolen. Modellen skiljer seg frå 2+2-modellen<sup>1</sup> ved at eleven/lærlingen teiknar lærekontrakt tidleg i opplæringsløpet<sup>2</sup> og opplæringa føregår parallelt i skole og bedrift gjennom å veksle mellom dei to. Mens den skulebaserte undervisninga avsluttast etter VG2 i 2+2-modellen, fortsetter denne i vekslingsmodellen. I land som Tyskland, Austerrike og Danmark er veksling den vanlege opplæringsmodellen (Høst, Nyen, Reegård, Seland, & Tønder, 2015).

2+2-modellen har vore den typiske opplæringsmodellen i Norge sidan innføringa av Reform 94. Ideen var å bygge eit felles system på tvers av svært ulike fagtradisjonar gjennom å samle og sidestille yrkesfagleg og allmennfagleg utdanning i den vidaregåande skolen (Andersen, Høst, Nyen, Oldervoll, & Tønder, 2016). Dette var meint å redusere sosial ulikheit og sikre elevane retten til utdanning uavhengig av bustad, kjønn, sosial bakgrunn osv. Ein reduksjon i yrkesfaglege kurs skulle betre arbeidslivets evne til omstilling og utsette elevane sitt yrkesval. Feilval, forseinkingar og fråfall låg til grunn for denne endringa. Den faglege spesialiseringa mot spesielle yrker ble lagt til andre året i opplæringsløpet.

Ved innføringa av Kunnskapsløftet i 2006 blei det vist til dei gode erfaringane med opplæringsmodellen. At elevane gjorde seg ferdig med allmennfaga før læretid og fagleg spesialisering i bedrift, skulle passe godt til ein bedriftsstruktur med mange små og mellomstore bedrifter og eit spreidd busettingsmønster slik ein har i Norge. Samstundes var dette forutsigbart for lærlingar og bedrifter. Fagtilbodet blei endra til enda færre og breiare fag, spesielt andre året. Dette blei gjort for å sikre eit likt tilbod og utsette yrkesvalet. Dei som ønska tidleg spesialisering skulle få moglegheit til å prøve ut fag gjennom *prosjekt til fordjupning*. Dette skulle auke motivasjonen hos elevane og auke gjennomføringa. Evalueringa av Kunnskapsløftet viste at opplæringstilbodet ikkje tok vare på den faglege spesialiseringa på ein tilfredsstillande måte (Andersen, Høst, Nyen, Oldervoll, & Tønder, 2016).

I St.meld 20 (2012-2013) opna myndighetene opp for å prøve ut veksling i fag- og yrkesopplæringa. Kunnskapsdepartementet meinte dette ville gje elevane innblikk i arbeidsoppgåver som er sentrale i lærefaga, auke motivasjonen og gje betre samsvar mellom programfag og fellesfag. Likevel kunne dette by på utfordringar meinte departementet. Innføringa av auka fleksibilitet i fagopplæringa kan gje eit uoversiktleg tilbod. I tillegg må skule og bedrift ha eit godt og forpliktande samarbeid, noko som kan vere vanskeleg i fag som ikkje har godt utvikla nettverk. Forutan dette må bedriftene vere villige til å ta inn lærlingar under andre vilkår enn tidlegare (t.d. at lærlingetilskotet fordelast over fleire år).

## 1.2 MOTIVASJON FOR VEKSLING I YRKESFAGA

Endringane som kom med Reform 94 har ikkje blitt like godt motteke av alle yrkesfaga. For handverksfaga har tidleg spesialisering vore naturleg, ettersom ein ønsker å utvikle eit godt handlag, i tillegg til at fordjupinga og teorien i faga er tett knytt til praksis. Før Reform 94 byrja lærlingen i læretida etter eitt år med skole eller direkte ut i lære. 2+2-modellen utsette den faglege spesialiseringa og var eit brot med tidlegare opplæringstradisjonar, noko som har vore kritisert av handverksbedriftene (Andersen, Høst, Nyen, Oldervoll, & Tønder, 2016).

Helsearbeiderfaget er ein vidareføring av den tidlegare hjelpepleierutdanninga frå 1963, der elevane veksla mellom institusjonar og skolebasert undervisning (Andersen, Høst, Nyen, Oldervoll, & Tønder, 2016). Frå myndighetene sin side peikast det på at veksling kan vere eit tiltak for å auke gjennomstrømming og rekruttering til helsearbeiderfaget og barne- og ungdomsarbeiderfaget, som igjen kan sikre framtidig arbeidskraft til helse- og omsorgsyrkene<sup>3</sup>. I tillegg har det vore eit ønske om å ta i bruk fleksibiliteten i fagopplæringssystemet og gje elevane eit betre tilbod gjennom etablering av ein vekslingsmodell<sup>4</sup>.

---

<sup>1</sup> 2 år i skole, 2 år i bedrift

<sup>2</sup> VG1 i Hordaland

<sup>3</sup> Meld. St. 13 (2011-12)

<sup>4</sup> Meld. St. 20 (2012-13)

## **1.3 FORSØK MED VEKSLING I HORDALAND**

For å bidra til utprøving av vekslingsmodeller tildelte myndighetene midlar til fylkeskommunane i 2013 og 2014. Hordaland fylkeskommune ved opplærings- og helseutvalet vedtok allereie i 2012 at ein bør utgreie moglegheitene for å utvikle meir fleksible tilbod til elevane. Samstundes ønskja Byggenæringa i Hordaland og Bergen kommune å utvikle nye alternative opplæringsløp innan byggfag og helse- og omsorgsfag, fortrinnsvis helsearbeider og barne- og ungdomsarbeider. Eit prosjekt for utprøving av vekslingsmodellen blei starta opp i 2013. Utprøvinga omfatta ein klasse innan byggfag på Slåtthaug vidaregåande skole og to klassar innan helsearbeiderfaget og barne- og ungdomsarbeiderfaget på Olsvikåsen vidaregåande skole. I tillegg blei forsøket utvida i 2016 til frisørfaget innanfor programområdet design- og handverk. Prosjektet har ein varigheit fram til og med 2017. Det er fagopplæringa i Hordaland fylkeskommune som har teke initiativ til evalueringa.

## **1.4 PROBLEMSTILLING**

Evalueringa av vekslingsmodellen vil konsentrere seg om erfaringar frå aktørar som arbeider med prosjektet, primært lærarar, prosjektleiing, opplæringskontor samt lærebedrifter og elevar. Det er også interessant å sjå nærmare på gjennomføringsgrad og økonomiske spørsmål kring ressursbruk.

Denne rapporten adresserer følgande problemstillingar:

1. Kva fordelar og ulempar har vekslingsmodellen som opplærings- og undervisningsform
2. Korleis opplev vekslingselevene opplæringa i skule og bedrift?
3. Korleis vurderer bedriftene lærlingar frå vekslingsmodellen?
4. Førar vekslingsmodellen til eit tettare samarbeid mellom skule og bedrift?
5. Korleis bør vekslingsmodellen vidareførast?
6. Er gjennomføringsgraden høgare hos vekslingslærlingane samanlikna med andre lærlingar, både når det gjeld fellesfag og fagprøveresultat?
7. Kva er nytteverdien av vekslingsmodellen i eit økonomisk perspektiv?

## 2 Metode

### 2.1 SPØRJEUNDERSØKING VEKSLINGSLÆRLINGAR

Undersøkinga til vekslingselevane omhandlar tema som val av veksling, informasjon om opplæringsmodellen, oppfølging, rettleiing på skulen og i bedrifta samt trivsel og framtidige val. Fleire av spørsmåla er henta direkte frå *lærlingundersøkinga*, som kvart år gjennomførast i regi av UDIR. Dette er gjort for å samanlikne resultata for heile Hordaland innafor same fagretning. Samanlikninga gjeld mot utvalet av lærlingar innafor faget uavhengig av kva opplæringsmodell dei har teke. Det er likevel sannsynleg at lærlingar i vekslingsmodellen også utgjer delar av utvalet for heile faget, men desse vil truleg stå for ein liten del av utvalet. I lærlingundersøkinga er det fleire spørsmål som utgjer ein samla indeks for til dømes trivsel. Grunna ønske om å redusere talet på spørsmål i denne undersøkinga er det berre teke med enkeltpørsmål frå lærlingundersøkinga slik at samanlikninga berre gjeld to like spørsmål. Resultata frå dei to undersøkingane er testa for statistisk signifikans for å vurdere om dei forskjellane ein ser er tilfeldige eller ikkje.

For dei aller fleste av elevane blei gjennomføringa av spørjeundersøkinga gjort på skulen ved hjelp av mobil og sjølvopprettning av lenke. På denne måten unngikk ein låg deltaking. For dei av elevane som ikkje var tilgjengeleg på skulen blei undersøkinga sendt ut på e-post og mobil.

I alt blei undersøkinga sendt ut til 144 respondentar. 132 svarte på heile undersøkinga, mens 8 respondentar svarte på delar av skjema. Med ein svarprosent på 92 % er den samla feilmarginen i svara som er gjeve på +/- 1,3 %.

Tabell 1: Deltaking i vekslingsundersøkinga for lærlingar. Tal, prosent og feilmargin (ved 95 % konfidensnivå)

Fagretning	Gjennomført	Svarprosent	Feilmargin
Helsearbeidarfaget	29	93 %	+/- 4,6 %
Barne- ungdomsarbeidarfaget	35	87,5 %	+/- 5,9 %
Tømrarfaget	48	98 %	+/- 2 %
Frisørfaget	24	100 %	0 %

### 2.2 SPØRJEUNDERSØKING VEKSLINGSBEDRIFTER

Til bedriftene blei det sendt ut eit kort spørjeskjema til fagleg leiari, formann eller instruktør. Spørsmåla omfattar påstandar om vekslingsmodellen som opplæringsmodell, vurdering av vekslingslærlingane sine føresetnader for jobben, opplæring, oppfølging samt samarbeid med skulen. Fleire av spørsmåla er henta frå *lærebedriftundersøkinga* som er gjennomført av UDIR. På denne måten kan ein samanlikne resultata frå lærebedriftene som har vekslingslærlingar opp mot resultata frå alle lærebedriftene innafor faget i fylket. På same vis som for lærlingane er resultata testa for statistisk signifikans for å vurdere om dei observerte forskjellane er tilfeldige.

Undersøkinga blei sendt ut til 85 respondentar beståande av rettleiarar i tømrarbedrifter, barnehagar, sjukeheim og frisørbedrifter. 71 svarte, og dette gjev ein svarprosent på 84 %. Likevel varierer deltakinga for dei ulike fagretningane. Mens det blant tømrarbedriftene deltok 31 av 32 bedrifter, var deltakinga dårlegare blant rettleiarar frå Bergen kommune og frå frisørbedriftene:

Tabell 2: Deltaking i spørjeundersøking for bedrifter og rettleiarar. Tal, prosent og feilmargin (ved 95 % konfidensnivå). Det er ikkje rekna på deltakinga frå frisørbedrifter, då relativt få deltok i undersøkinga.

Fagretning	Gjennomført	Svarprosent	Feilmargin
Helsearbeidarfaget	12	67 %	+/- 16,3 %
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	21	75 %	+/- 10,7 %
Tømrarfaget	31	97 %	+/- 3,1 %
Frisørfaget	8	-	-

For å få god nok nøyaktig på undersøkingar med få grupper, slik som for bedriftene i vekslingsmodellen, er ein avhengig av høg deltaking. Sjølv om høvesvis 67 og 75 % av bedriftene frå fagretningane HEA og BUA har svart, gir dette ein høg feilmargin i svara og svara som kjem fram er ikkje representative for denne gruppa. Resultata vil likevel omtalast i tekstu for å gi eit bilet av kva desse har svart.

## 2.3 INTERVJU

Erfaringane frå alle aktørane blei samla inn ved hjelp av semi-strukturerte intervju. Programfaglærarane og fellesfaglærarane ved skulane Olsvikåsen og Slåtthaug vidaregåande i Bergen blei samla til gruppeintervju medan rektor og assisterande rektor/avdelingsleiar blei intervjuet for seg. Det ble også gjort intervju med leiar ved opplæringskontoret for tømrarfaget og koordinatorar for høvesvis helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeiderfaget i Bergen kommune. Frå fagopplæringa i Hordaland fylkeskommune blei to faglege leiarar intervjuet.

## 2.4 STATISTISKE ANALYSAR

Analyse av gjennomføringsgrad, kost-nytte analyse, karakterar i fellesfag samt grunnskulepoeng er publisert i eigen rapport. Resultata frå desse analysane er kort oppsummert i denne rapporten, mens metode og framgangsmåte ligg tilgjengeleg i AUD-rapport 3.2-18.

## 2.5 KOST-NYTTE ANALYSE

I samband med evalueringa er det utarbeid ein kostnad-nytte vurdering som er nærmere omtalt i AUD-rapport 3.2-18. Funna er oppsummert i denne rapporten.

# 3 Veksling i HEA og BUA

## 3.1 ERFARINGAR FRÅ SKULE OG LÆREBEDRIFT

### 3.1.1 Utdanningsløpet og rekruttering til modellen

Utdanning av helsefagarbeidrarar og barne- og ungdomsarbeidrarar i vekslingsmodellen føregår ved Olsvikåsen vidaregåande skule i Bergen. Rekruttering skjer gjennom at alle elevane som søker seg til helse- og oppvekstfag på Olsvikåsen får tilbod om å søke spesielt til vekslingsmodellen. På bakgrunn av søknad blir eit utval av elevane kalla inn til intervju. Hovudmålet for skulen er å finne ut om elevane er motiverte, veit kva dei går til og at dei ønskjer ei meir praksisorientert opplæring. Karakterar er ikkje like viktig i denne samanhengen. Prosjekteiar og fagleg leiar i lærebedrifa Bergen kommune er begge tilstades under intervjuja.

Alle lærlingane har Bergen kommune som sin lærebedrift, men er utplassert ved fleire forskjellige arbeidsplassar. Elevene er først utplassert i bedrift tre veker første halvår. Læretida byrjar i februar på VG1 og elevane veksler deretter mellom ei veke på skulen og tre veker i bedrift ut VG2. Frå VG3 er elevane ein til to dagar i månaden på skulen. Forutan fagprøven gjennomfører elevane ein sentralgitt eksamen i programfag (HEA/BUA 31-02) fjerde året.

Elevane som først sökte modellen, det første og det andre kullet, hadde tilbod om påbygging til allmennfagleg utdanning. I alt 12 av 20 i det første kullet valte denne vegen, deretter falt interessa noe og berre 6 av 20 elevar i det andre kullet valte det same. Dei to første kulla var både interessert i fagbrevet og ønskja påbygging for å ha moglegheit til å ta vidare utdanning. Gjennom prosjektpérioden blei reglane for når ein kan ta påbygging endra. Det opna opp for at elevane kunne ta påbygging etter fagbrevet, og tilbodet om påbygging falt vekk frå modellen. Prosjekteiar er av den oppfatning at desse elevane kunne ha nytte av dette nye alternativet som dei seinare kulla har hatt tilbod om. Eit tredje skuleår der påbygging og eksamen føregår parallelt med fullføringa av fagbrevet er krevjande. For skulen har desse endringane medført ein enklare opplæringsmodell.

Vekslingsmodellen har elles hatt jamt god söking i heile perioden, men kvaliteten på søkerane i faga har vore ulik. I barne- og ungdomsarbeidarfaget har kvaliteten på søkerane vore betre, særleg dei første tre åra. I helsearbeidarfaget har søkerane vore svakare og det har vist seg vanskeleg å finne søkerarar som fyller kriteria. Dette har endra seg for det siste kullet der søkermassen no er nokolunde lik.

### 3.1.2 Undervisning

Undervisninga i programfaga har særleg fokus på å samkøyre læreplanmåla med praksis. Teorien blir gjennomgått på skulen og deretter følgd opp i praksis med praksisoppdrag, utvikla i samarbeid mellom lærarane på skulen og rettleiarar i Bergen kommune. Lærlingane leverer inn oppgåvene når dei kjem inn i neste skuleperiode. Samarbeidet mellom skule og bedrift blir trekt fram som svært positivt og ein klarar i stor grad å få til relevante oppgåver på arbeidsplassen gjennom god kontakt. Lærlingane får klårare døme frå praksisperiodane, som igjen brukast av lærarane i den teoretiske delen av undervisninga.

I fellesfag kan det vere ei utfordring å førebu elevane til eksamen, då undervisninga er såpass sjeldan og ein må gå raskare gjennom pensum. Særleg er det utfordrande å ha berre ei veke undervisning, som er tilfelle for fleire av skuleperiodane. Med så kort tid til rådighet er det vanskeleg å halde fram kontinuiteten ettersom det er tre veker med praksis før neste undervisningsperiode. Eit intensivt løp kan likevel ha sine fordeler då ein har meir undervisning med korte mellomrom. Samstundes varierer det korleis elevane taklar dette. Svake elevar kan slite med å henge med, særleg i dei periodane dei er vekke. Undervisninga blir oppstykka og ein får ikkje ein kontinuerleg opplæring til liks med 2+2-modellen. Det første halvåret er viktig med tanke på å få til gode arbeidsrutinar og få elevane med på undervisninga. Når først praksisperiodane byrjar, og det går lenger tid mellom kvar gong dei er inne på skulen, blir det vanskelegare å få hekta på dei elevane som slit.

Når det gjeld vurderingspraksis har ikkje vekslingselevarane karakterar i programfag, men får ei vurdering på ein rekke praksisoppgåver som dei utfører i praksisperiodane. På fjerde året blir det gitt ein skriftleg eksamen på 5 timer (HEA/BUA-3102) på lik linje med andre elevar som tek alternative opplæringsmodellar som 1+3 og 0+4. Denne eksamensforma opplevast som svært lite gunstig for vekslingselevarane då det nettopp er praksis som er deira fortrinn. Til samanlikning tek elevane i 2+2-modellen ein praktisk-munnleg versjon av same eksamen, som i følgje lærarane ville vore eit mykje betre alternativ.

Vurderingspraksis i fellesfag har ikkje endra seg nemneverdig med vekslings. Lærarane opplev at skule- og praksisperiodane er skilt frå kvarandre og det er slik sett vanskeleg å følgje dei opp medan dei er i praksis. Det gis heller ikkje oppgåver av fellesfaglærarane som skal gjerast i praksisperiodane, forutan særskilte oppgåver som har relevans for det eleven skal gjere i praksis.

### **3.1.3 Om elevane**

Programfaglærarane opplev at vekslingselevane er personar som ønskjer å arbeide. Det er nokre som har valt modellen basert på kva forventingar føresette har, men også kva venner meiner. Andre har også kanskje hatt forventningar om at dette er ein lettvint løysing og ein enkel veg gjennom vidaregåande. Samstundes er fire år lang tid og det er større forventningar til vekslingselevane. Dei får tidleg ansvar. Det går eit skilje mellom elevane i dei to første kulla, og elevane i dei to siste kulla. Dei to første kulla er meir skulefokuserte og har hatt eit ønskje om meir opplæring på skulen, eller at det skal vere lik balanse mellom skuleperiodane og bedriftsperiodane. Det motsette kan seiast om dei to siste kulla der elevane er meir praktisk orienterte og ønskjer å jobbe. Ein av årsakene til dette er at rekrutteringsgrunnlaget har endra seg når påbygg ikkje lenger er eit tilbod undervegs i opplæringsløpet.

Fellesfaglærarane meiner at det er ein tendens til at elevane som rekrutterast no er svakare teoretisk, men desto meir praktisk orienterte og slik sett nærmere målgruppa for dei respektive yrkesfaga. Vekslingselevane opplevast også som å ha ein klarare yrkesidentitet ettersom dei knytt seg til arbeidsplassen og yrke. I 2+2-modellen tek denne prosessen lenger tid og det er mindre eintydig kven av elevane som ønskjer å halde fram mot desse yrkene.

### **3.1.4 Klassemiljø**

Programfaglærarane og fellesfaglærarane har ulike oppfatningar om klassemiljøet. Programfaglærarane meiner dette i stor grad har vore positivt, mens fellesfaglærarane meiner at det har vore noko därlegare. Dette har blitt forklart med at helsearbeider og barne- og ungdomsarbeider er to klassar som definerer seg sjølv ulikt og dette har vore ei utfordring når dei er samla i fellesfag. Denne ulikskapen støttast av programfaglærarane og har samanheng med utvikling av to ulike yrkesidentitetar.

Lærarane finn også at vekslingselevane ikkje er ein del av kvardagen og miljøet på skulen på same måte som andre elevar, ettersom dei tilbringar ein del i tid i lære. Det er riktig nok gjort grep for å sørge for at også desse elevane har nokre sosiale samlingar og får tid til markeringar. Elevane har mellom anna fått besøk av andre vekslingsklassar med oppmoding om å vere sosiale og til dømes opprette grupper på sosiale media slik at dei kan samlast på fritida. Fellesfaglærarane opplev at skuleperiodane er prega av mykje teori og det er vanskeleg å få tid til andre ting. Kroppsøving er til dømes ikkje ein del av timeplanen, eit fag som kunne vore prioritert for å løfte det sosiale miljøet blant elevane og fordi dei skal ut i yrker med dagleg fysisk arbeid.

### **3.1.5 Opplæring og oppfølging i bedrift**

Skulen har ansvaret for opplæring og oppfølging dei to første åra og følgjer lærlingane opp på arbeidsplassen gjennom kontakt med bedrifta. Deretter overtek lærebedrifta (kommunen) dei to siste åra, sjølv om lærarane også følgjer opp ved behov i denne perioden. Dette grepset, som er gjort undervegs i prosjektperioden, skal unngå uklar ansvarsfordeling mellom skulen og kommunen. No er samarbeidet formalisert i større grad enn tidlegare. Kommunen har som arbeidsgjevar ansvar for lærlingane, men det er gjort ein avtale på at skulen skal ha hovudansvaret det første halvanna året av læretida. Frå skulen si side er dette grepset sett på som positivt då oppfatninga har vore at elevane er mest sårbar i denne fasen. For Bergen kommune letter denne ansvarsfordelinga arbeidsmengda for dei faglege leiarane som også har eit ansvar for dei ordinære lærlingane. Likevel kan det vere krevjande ettersom dei faglege leiarane ikkje har bygd opp ein relasjon til lærlingane dei to første åra. I dei tilfella der arbeidsgjevar treng å setje krav overfor lærlingen kan det vere vanskeleg å kommunisere dette når ein ikkje har bygd opp eit tillitsforhold på førehand.

Vekslingsmodellen for HEA og BUA i Hordaland krev stor grad av samarbeid. Det er til tider stor «avstand» mellom lærarane på Olsvikåsen og fagleg leiar i Bergen kommune. I tillegg treng rettleiarane informasjon. Det er mange personar rundt lærlingane og dette gjer at tilbakemeldingane til lærlingane kjem frå mange aktørar. Nokre av rettleiarane er svært flinke til oppfølging, mens andre er lite til synlege. For helsearbeidarfraget kan forventningane til lærlingane sin kunnskap vere stor då arbeidsgjevar er vant med å få inn ordinære lærlingar som er eldre eller at dei kan meir. Dette kan vere problematisk fordi vekslingslærlingane, i motsetnad til vanlege lærlingar, er unge og får ein stor del av undervisninga ute på arbeidsplassen. Ei utfordring som blir trekt fram frå skulen er at lærlingane kan vere gjenstand for utnytting på arbeidsplassen. Det er døme på at arbeidsgjevar ikkje tek inn vikarar ved sjukdom når dei veit det er ein lærling tilgjengeleg som har jobba nokre månader og kjenner rutinane. Arbeidsplassen har ofte liten kunnskap om kompetansen lærlingen har og krava som blir stilt kan då vere urimelige. Dette kan vere årsaka til at nokre av lærlingane får därlege erfaringar tidleg og veljar å slutte eller halde fram med noko anna. I barne- og ungdomsarbeidarfraget er lærlingane først i ute barnehage i to og eit halvt år. Dette blir sett på som eit trygt alternativ ettersom dei blir godt tatt vare på der og dette skal minske sjanske for at lærlingane sluttar grunna därlege opplevingar på arbeidsplassen.

Vekslingslærlingane er også spreidd rundt på ulike arbeidsplassar på same tid og dei er på forskjellige stader. Difor varierer det kor mykje kvar lærling kan og kva type erfaring dei har. Dei ordinære lærlingane kan på si

side samlast til felles opplæring hos kommunen ettersom alle er kome like langt til ei kvar tid. Ressursbruken for å følgje opp lærlingar i vekslingsmodellen krev difor meir av dei faglege leiarane og i praksis krev gjerne ein vekslingslærling like mykje ressursar som to ordinære lærlingar. Rettleiarane ute på arbeidsplassane må drive opplæring og samtidig gjere sin eigen jobb, utan at dei får noko meir for det. Å følgje opp vekslingslærlingar kan i tillegg krevje meir, då dei er unge og har lite erfaring. Kommunen har ei belønningsordning for denne jobben ved at rettleiarar får litt ekstra avspasering kvar månad.

For å sikre god nok informasjon om kva som krevjast av rettleiarane på arbeidsplassane haldast eit møte før læretida byrjar på VG1 der lærebodrifa, alle rettleiarar og yrkesopplæringa er til stades. Det er også møte når lærlingane skiftar arbeidsplass. God og tett kontakt kan vere nøkkelen til betre oppfølging. Likevel opplyser lærarane at dette gjeld nokre få elevar og at i det heile er det svært god erfaring med rettleiarane ute i bedrifta. Mange elevar som gjerne har vore forsiktige, stille og kanskje litt reserverte opnar seg meir opp etter ei tid ute i bedrifta og blir meir trygg på seg sjølv. At ein klarar å løfte desse elevane handlar mykje om korleis ein følgjer opp ute på arbeidsplassen og at rettleiarane er særleg observante og er oppdatert på kva type person denne lærlingen er. For å oppnå dette er det behov for god kontakt mellom lærar og rettleiar.

### **3.1.6 Samarbeid om læringsmateriell**

Å halde lærermateriell oppdatert er utfordrande og lærarane synast det til tider er mykje jobb med justeringar og revideringar undervegs. Ettersom dette er utvikla saman med faglege leiarar frå Bergen kommune er det naturleg at lærarane har mykje kontakt for å utvikle og oppdatere stoffet. Samstundes har dei to partane ulike fokus ved at kommunen jobbar mot fagprøven mens lærarane jobbar mot tverrfagleg eksamen. Primært er det lærarane som vurderer den teoretiske delen av det lærlingane leverer til kvart praksisoppdrag, mens rettleiarane ved arbeidsplassen vurderer den praktiske delen. Lærarane finn likevel at det er naturleg at dei gjer ei heilskapleg vurdering av heile innleveringa til slutt.

Dei faglege leiarane er på si side nøgde med korleis ein har fått en dreiling av innhaldet i opplæringsboka frå det teoretiske til å byggje opp under det som er krava i arbeidslivet. Her har lærarane hatt ei viktig rolle og dei har begynt å sjå på opplæringa frå arbeidslivets ståstad.

### **3.1.7 Effektar av forsøket og vidareføring av modellen**

Gjennom å vere med i vekslingsforsøket har skulen fått auka merksemd og det er stor interesse rundt helse og oppvekst, også til den ordinære 2+2-modellen. Lærarane er forsiktige med å gi vekslingsmodellen æra for auka rekruttering åleine, men meiner dette har vore positivt for interessa rundt faget. Vekslingsmodellen er eit alternativ for dei elevane som vil byrje å jobbe. Det vil vere lettare for desse å lære teorien ved å jobbe praktisk i opplæringa. Med vekslingsmodellen kan elevane få eit fagbrev og har dokumentasjon og kunnskap om noko meir enn berre eit vitnemål frå vidaregåande, dersom dei ikkje vel å gå vidare på studiar.

For kommunen er modellen ressurskrevjande. Ein treng å sjå nærrare på resultata frå fagprøven for å vurdere om dette er noko som førar til betre eller därlegare gjennomføring. Utfordringa på høgare nivå er at det er avgrensa tilgang på stillingar i yrket. Det er nokre få som klarar å få vikarstillingar med ein meir utfyllande prosentdel, men mange får stillingar med små prosentdelar. Då blir vegen inn i arbeidslivet vanskeleg. Den vidare vurderinga av vekslingsmodellen må også ta inn over seg fråfallet frå sjølv modellen. Det er mogleg at fråfallet ikkje er eit reelt fråfall i den forstand at eleven hoppar over på eit anna program og truleg vil klare å fullføre vidaregåande skule, men likevel får fråfallet konsekvensar for opplæringsmodellen som har ein ambisjon om å få utdanna fleire fagarbeidarar.

Den noverande vekslingsmodellen kan heller ikkje erstatte den ordinære opplæringsmodellen. Det er framleis mange elevar på skulen som ikkje kunne ha tatt denne modellen og som ikkje ønskjer seg ut i praksis tidleg. Samstundes ser prosjektleiar at skulen kanskje ikkje har den same kontrollen over elevane undervegs i opplæringa slik at dei kan sørge for støtte og oppfølging til dei elevane som treng det.

Ein føresetnad for vidare drift av opplæringsmodellen er kvalifiserte søkerar og at bransjen ønskjer desse lærlingane. Slik det fungerer nå er dette handterbart for Olsvikåsen og det er mogleg. Samstundes ser skulen at eksamensforma bør endras til same form som for dei ordinære elevane, i ei praktisk munneg form. Utfordringa for ei eventuell utviding av modellen ligg i samarbeidet med mange aktørar, dersom fleire lærebodrifter (andre kommunar) skulle vere interessert i desse lærlingane.

### 3.1.8 Oppsummering skule og lærebedrift HEA/BUA


- Søkinga til vekslingsmodellen har vore god gjennom heile prosjektperioden
- Søkarmassen har endra seg gjennom prosjektperioden fra skuleflinke til meir praktisk orienterte elevar, som eit resultat av bortfallet av tilbod om påbygg undervegs.
- Samarbeidet mellom skulen og lærebedrift om læringsmateriellet er positivt og gir elevane relevante oppgåver å jobbe med i praksisperiodane, sjølv om det er krevjande å halde læringsmateriellet oppdatert.
- Undervisning i fellesfaga er krevjande med få og korte periodar til undervisning.
- Vekslingselevane er ikkje like mykje på skulen som andre elevar og ein treng eit godt klassemiljø for å sikre eit godt sosialt miljø.
- Oppfølging av elevane på arbeidsplassane krev stor grad av samarbeid mellom skule, lærebedrift og arbeidsplass. Særleg for å hindre at elevar blir brukt til meir ordinært arbeid.
- Vekslingslærlingane er på forskjellige arbeidsplassar til forskjellig tid og dette passar dårleg med korleis opplæringa er lagt opp i lærebedrifta, som er tilpassa progresjonen i 2+2-modellen. Oppfølginga blir difor meir ressurskrevjande.
- Merksemda om vekslingsmodellen er positiv for skulen med auka rekruttering og interesse for fagretninga helse- og oppvekst.
- Vekslingsmodellen kan ikkje erstatte 2+2-modellen. Det er framleis elevar som ikkje passar til dette utdanningsløpet.

## 3.2 ERFARINGAR FRÅ LÆRLINGAR

### 3.2.1 Val av vekslingsmodellen

På spørsmål om kvifor lærlingane i helsearbeidarfaget (HEA) og barne- og ungdomsarbeidarfaget (BUA) har valt vekslingsmodellen, er om lag ein tredel opptekne av at teori og praksis føregår kvar for seg:

Figur 1: Val av vekslingsmodellen. Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Prosent. Fleire svar mogleg.




I barne- og ungdomsarbeidarfaget har ein av fire eit ønskje om å kome raskt ut i jobb og medan ein av fem svarer at dei ønskjer meir praksis i bedrift. I Helsearbeidarfaget har ein av fire svart at dei ønskjer meir praksis i bedrift. Å kome raskt ut i jobb er ikkje like viktig. Det er eit mindretal som også har svart at dei er skulelei og har ei interesse for faget. Berre ein av ti svarer at dei har valt vekslingsmodellen fordi dei veit kva dei vil.

### 3.2.2 Veksling mellom skule og bedrift

Det varier kor fornøgde vekslingslærlingane i helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget er med fordelinga av tida dei er på skulen og tida dei er i bedrifa:

*Figur 2: Tilfredsheit med tidsfordelinga i skule og bedrift i Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.*




Det er ein tendens til at lærlingane er mindre fornøgde jo lenger ut i opplæringslopet dei har kome, særleg i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Samstundes er det berre eit kull som no er ferdig med fire år. I dei to siste kulla er det også fleire som har teke påbygg, eit intensivt løp som må kombinerast med fagprøva. I helsearbeidarfaget er tredje året lærlingane er mest fornøgde med kva gjeld tidsfordeling mellom skule og bedrift.

### 3.2.3 Oppfølging og rettleiing

Når det gjeld rettleiing og støtte frå lærarane i skuleperiodane er helsearbeidarlærlingane noko meir fornøgde enn barne- og ungdomsarbeidarlærlingane, men forskjellane er små:


*Figur 3: Oppfølging frå skule og bedrift i Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.*




I bedrifta derimot scorar BUA-lærlingane høgast. Dei er også i snitt meir fornøgde med opplæringa i bedrifta så langt i opplæringsløpet. Det sistnemnte kan forklarast med forskjellane i opplæringa mellom dei to fagretningane som skildra av lærarar, lærebedrift og prosjektleiing. Mens HEA-lærlingane er innom fleire forskjellige arbeidsplassar, er BUA-lærlingane ein lengre periode i barnehage, som reknast som ein trygg start på læretida. Ser ein på i kva grad lærlingane får praktiserer det dei har lært på skulen i bedrifta svarar lærlingane at dei får dette i nokså stor grad, sjølv om det også her er forskjellar der BUA lærlingane scorar høgare (4,2).

### 3.2.4 Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i HEA

Figur 4: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingundersøkinga (UDIR). Blå soyler er vekslingsundersøkinga, mens brune soyler er lærlingundersøkinga. På spørsmål der det er positiv signifikant forskjell for vekslingsundersøkinga (ved 95 % konfidensnivå), er soyla merka grøn. Der det er signifikante negative forskjellar er soyla for vekslingsundersøkinga merka raud. Feilmargin (ved 95 % konfidensnivå) er +/- 4,6 % for vekslingsundersøkinga (HEA) oa er vist som feilfelt.






Hovuddelen av spørsmåla i undersøkinga er også å finne i lærlingeundersøkinga (UDIR). Spørsmål som er valt ut her kan kategoriserast som undervisning, arbeid i bedrifta, fagleg utvikling og rettleiing i bedrifta. Utvalet i lærlingundersøkinga består av alle lærlingar i Hordaland som tek Helsearbeidarfaget og Barne- og ungdomsarbeidarfaget i skuleåret 2016/2017.

Vekslingslærlingane i helsearbeidarfaget scorar nokså likt med lærlingane i heile fylket kva gjeld undervisning, lærarane si innsikt i faget, trivsel, motivasjon, meistring, fagleg utvikling og rettleiing. Berre når det gjeld hjelp og støtte frå instruktør eller rettleiar er det signifikant forskjell mellom vekslingslærlingane og alle lærlingar, i negativ forstand. Her svarar populasjonen av alle lærlingar at dei oftare får hjelp og støtte (4,4), sjølv om snittverdien for begge i utgangspunktet er positiv. Begge grupper svarar at dei nokså ofte får hjelp og støtte. Likevel er usikkerheita i svara (+/- 4,6 %) store nok til at det er vanskeleg å vite heilt sikkert at den observerte forskjellen faktisk er signifikant.

### 3.2.5 Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i BUA

Figur 5: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingeundersøkinga (UDIR). Blå søyler er vekslingsundersøkinga, mens brune søyler er lærlingeundersøkinga. På spørsmål der det er positivt signifikant forskjell for vekslingsundersøkinga (ved 95 % konfidensnivå), er søyla merka grøn. Der det er signifikante negative forskjellar er søyla for vekslingsundersøkinga merka raud. Feilmarginen for vekslingsundersøkinga (BUA) er +/- 5,9 % og er vist som feilfelt.






Lærlingane i barne- og ungdomsarbeidarfaget svarar på nivå med alle lærlingar i faget i fylket kva gjeld undervisning, arbeid i bedrifta, meistring og rettleiing i bedrift. Skilnadene er signifikante på fagleg utvikling, altså kor ofte lærlingane får arbeidsoppgåver som sørgjer for utvikling i faget. Her svarer Vekslingslærlingane at dei oftare får slike oppgåver. Når det gjeld motivasjon er utvalet av alle lærlingar i større grad motiverte samanlikna med vekslingslærlingane. Likevel er usikkerheita i svara (+/- 5,9 %) så store at det er vanskeleg å vite sikkert at den målte observerte forskjellen når det gjeld fagleg utvikling er signifikant.

### 3.2.6 Framtidsutsikter

Til liks med utvalet av alle HEA-lærlingar i fylket ønskjer 9 av 10 lærlingar å fullføre læretida:

Figur 6: Om fullføring av læretid, utdanning og vidare arbeid. Vekslingslærlingar og alle lærlingar innafor Helsearbeidarlaget i Hordaland. Prosent. VU=vekslingsundersøkinga (HFK), LU=lærlingundersøkinga (UDIR)




Ønskje om å ta vidare utdanning står sterkt, og kanskje enda sterkare hos vekslingslærlingane. Mellom 8 og 9 av 10 har planar om å ta vidare utdanning mens delen av utvalet av alle lærlingar er 7 av 10. Ønskje om å arbeide vidare på arbeidsplassen frå læretida er også ikkje like attraktivt for vekslingslærlingane. Her svarar under halvparten at dei ønskjer å jobbe vidare dersom det blir mogleg. Til samanlikning svarar over 6 av 10 det same blant alle HEA-lærlingane.

Desse funna skal ein førebels tolke varsamt. Dei to første kulla i vekslingsmodellen var sterke teoretisk og har hatt klare ambisjonar vidare. Etter at påbygg vart flytta til etter fullføring av fagbrevet har rekrutteringsgrunnlaget endra seg, og det kan vere at fleire av dei nyare kulla har andre preferansar. Like fullt finn også den nasjonale evalueringa at svært mange som går helsearbeidarlaget og vekslingsmodellen har eit sterkt ønskje om å kome vidare til høgare utdanning (Andersen, Høst, Nyen, Oldervoll, & Tønder, 2016). Dette finn vi at i denne undersøkinga og desse preferansane endrar seg lite mellom dei ulike kulla.

I Barne- og ungdomsarbeiderfaget er planen om å fullføre læretida enda sterkare, faktisk er det ein enda større del blant utvalet av alle lærlingar (98 %) samanlikna med vekslingslærlingane (94 %) som seier at dei kjem til å fullføre læretida:

*Figur 7: Om fullføring av læretid, utdanning og vidare arbeid. Vekslingslærlingar og alle lærlingar innafor Barne- og ungdomsarbeiderfaget i Hordaland. Prosent. VU=vekslingsundersøkinga (HFK), LU=lærlingundersøkinga (UDIR)*



Nokre få er usikre. Til liks med helsearbeiderfaget ønsker også BUA-lærlingane å ta meir utdanning, men her er ikkje skilnadene like store mellom vekslingslærlingane og utvalet av alle lærlingar i fylket. Mellom 6 og 7 av 10 ønsker vidare utdanning av vekslingslærlingane, mens litt over halvparten ønsker det same blant alle lærlingar i faget. Det er også enda færre som seier at dei kan tenke seg å arbeide vidare på arbeidsplassen blant vekslingslærlingane. Her er det rett nok få som er direkte negative til dette, men svært mange er usikre. Også i dette spørsmålet er utvalet av alle BUA-lærlingar meir positive enn vekslingslærlingane til vidare arbeid på arbeidsplassen.

### 3.2.7 Oppsummering lærlingar HEA/BUA

- Ein av tre elevar i HEA/BUA vel veksling fordi dei ønsker teori og praksis kvar for seg. Mange vil også tidleg ut i jobb eller vil ha meir praksis i bedifta.
- Vekslingselevarane er fornøgde med oppfølgning, både på skulen og i lærebodrifta.
- Vekslingslærlingane i HEA opplev at dei får hjelpe og støtte frå instruktør/rettleiar i litt mindre grad enn andre lærlingar i HEA i fylket, sjølv om dei fleste opplev å få dette.
- Vekslingslærlingarar i BUA er i litt mindre grad motiverte for å lære i lærebodrifta enn andre lærlingar i fylket. Motivasjonen er likevel høg for begge gruppene.
- Åtte av ti som går i veksling i HEA ønsker å ta vidare utdanning. I BUA er talet seks av ti. Dette er høgare enn for andre lærlingar i fylket.
- Under halvparten av lærlingane i HEA og berre ein av fem lærlingar i BUA kan tenke seg å arbeide vidare på arbeidsplassen. Dette er også vesentleg lågare enn for andre lærlingar i fylket.

### **3.3 ERFARINGAR FRÅ ARBEIDSPLASSANE I LÆREBEDRIFTA**

Resultata frå spørjeundersøkinga ut til arbeidsplassane i BUA og HEA er ikkje representative for alle arbeidsplassane som tek inn vekslingslærlingar. Difor vil berre dei mest sentrale funna omtalast i tekstu her.

#### **3.3.1 Informasjon og organisering**

Når det gjeld informasjon og organisering opplev nesten sju av ti respondentar frå arbeidsplassar i BUA at dei er fornøgde med informasjon dei har fått om vekslingsmodellen, mot berre fire av ti respondentar i HEA. Mens sju av ti i BUA er fornøgde med fordelinga av vekslingsperiodane, svarar halvparten av arbeidsplassane i HEA at dei er fornøgde.

#### **3.3.2 Samanlikning av vekslingslærlingar og ordinære lærlingar**

Vekslingslærlingane opplevast ikkje som meir motiverte enn andre lærlingar. Det er eit mindretal av respondentane for begge fag som meiner lærlingane er meir motiverte. Det same kan seiast om den faglege utviklinga, her seier nesten halvparten av respondentane i BUA at lærlingane har ein raskare fagleg utvikling enn andre lærlingar mot berre ein av fire respondentar i HEA. Det er samstundes større einigheit om at vekslingu mellom skule og bedrift aukar lærlingens forståing for faget. Halvparten av HEA-respondentane seier dette, mot syy av ti i BUA. Det er meir usikkert om vekslingu gir lærlingane ein sterkare yrkesidentitet. Om lag halvparten i BUA opplev dette, mens berre ein av tre seier det same i HEA. Ein tidleg spesialisering er mest positivt for BUA, her svarar nesten seks av ti respondentar at dette er ein fordel, mot fire av ti i HEA.

#### **3.3.3 Oppsummering**

Utifrå denne korte oversikta er det ein tendens til at arbeidsplassane i BUA har ein meir positiv oppleving av vekslingsmodellen enn arbeidsplassane i HEA. Ein skal likevel vere forsiktig med å teikne eit bilet av at dette er representativt for alle arbeidsplassane som tek imot vekslingslærlingar.

# 4 Veksling i Tømrarfaget

## 4.1 ERFARINGAR FRÅ SKULE OG OPPLÆRINGSKONTOR

### 4.1.1 Utdanningsløp og rekruttering til modellen

I Tømrarfaget byrjar elevane lærretida, til liks med dei andre fagretningane for vekslingsmodellen, i februar første året (tabell 2). Med unntak av to prøveperiodar på to veker ute i bedrift om hausten på første halvår (VG1), er elevane ute i bedrift eit halvt år og kjem ikkje inn på skulen før hausten på VG2. Deretter er elevane inne i seks veker haust og vår gjennom andre og tredje året (VG2 og VG3). Tverrfagleg eksamen (TMF 31-02) for tømrarfaget gjennomførast våren tredje året (VG3). Fjerde året er elevane inne til eit kort førebuande kurs til sveineprøva i mai månad, før sveineprøven gjennomførast i bedrifta. Reint formelt ligg ansvaret for elevane hos skulen fram til februar på VG1, deretter er elevane å rekne som arbeidstakalar som har kontrakt med bedrifta og opplæringskontoret. Det meste av den yrkesfaglege teorien blir dekt på VG1 og seks-vekers periodane.

Elevane som søker opplæringsmodellen må gjennom intervju og praktisk prøve før endeleg vurdering av kven som får tilbodet blir sendt ut. Primært vurderast eleven sitt handlag, karakterar og fråvær, men motivasjon er til sist det mest avgjera punktet. Frå 2013 har det vore fire kull i vekslingsmodellen på Slåtthaug. Til saman er det snakk om ca 50 elevar. Ingen har slutta undervegs, men det har vore tilfelle der ein elev har valt å gå vidare på eit anna utdanningsprogrammet. Forutan dette har det ikkje vore fråfall etter teikning av lærekontrakt.

### 4.1.2 Undervisning

Undervisninga i programfag for vekslingsmodellen i tømrarfaget følgjer læreplanen for full opplæring i bedrift på lik linje med dei elevane som vel ein 0+4-modell med start i bedrift rett etter ungdomskulen. Det første året fram til februar VG1 omfattar undervisninga diverse sikkerheitsklareringar og sertifiseringar, som er naudsynt for å kunne jobbe på ein byggjeplass. I tillegg kjem jobbsøking og grunnleggande yrkestheori for tømrarfaget. I løpet av hausten på VG1 er elevane ute i bedrift i to 14-dagers periodar. Her skal eleven finne ein bedrift som passar og bedrifta finne ut om dette er ein lærling dei vil satse på.

Mens 2+2-modellen dekker ein rekkje byggfag, kan vekslingsmodellen konsentrere seg fullt og heilt om tømrarfaget. Dette opplev programfaglærarane som ein klar styrke og vekslingsløpet ligg nærmare opp mot det som var opplæringsmodellen før reform 94. Programfaglærarane er særleg fornøgde med det første halvåret ute i praksis. Her får elevane meir realistisk erfaring frå ordentlige arbeidsplassar, i motsetnad til det ordinære løpet som ofte jobbar i verkstad på skulen. Sjølv om elevane på veksling kan mykje og har erfaringar, kan det likevel vere ei utfordring å få mykje av denne kunnskapen dokumentert i form av skriftlege arbeider.

Tabell 3: Skjematisk fremstilling av opplæringsløpet i vekslingsmodellen for tømrarfaget på Slåtthaug.

	År	VG1		VG2		VG3		VG4	
		Halvår	1	2	3	4	5	6	7
Programfag	Tømrarfaget	2x14dg utplassering i bedrift	Lærekontrakt/ opplæring i bedrift	6 veker på skule/resten i bedrift	6 veker på skule/ resten i bedrift	6 veker på skule/resten i bedrift	6 veker på skule/resten i bedrift - eksamen TMF 31-02	Opplæring i bedrift	Opplæring i bedrift + kurs til sveineprøva
Fellesfag	Matematikk								
	Norsk								
	Naturfag								
	Engelsk								
	Samfunnsfag								

Opplæringa på skulen i seks-vekers periodane er intensive og ein stor del av undervisninga er fellesfag. Mens programfaglærarane meiner dette er passande i lengde og intensitet, er fellesfaglærarane si oppfatning at desse periodane er tøffe. Mens matematikken gjerast ferdig første halve året, skal elevane gjennom krevjande periodar med Naturfag, norsk, engelsk og samfunnsfag. Dei tre sistnemte er fag der ein gjerne treng å fordøye stoffet, reflektere og repetere over ei viss tid. Det er vanskeleg å kombinere dette med veksling på ein god nok måte. Elevane må gjennom pensum ganske raskt og det er liten tid til anna. Dette gjer vurdering undervegs utfordrande. Den skeive arbeidsbelastninga opplevast som krevjande for fellesfaglærarane. Dei har mykje å

gjere i skuleperiodane og liten tid til planlegging og førebuing. På den andre sida har lærarane vesentleg mindre å gjøre når elevane er ute i praksis. Undervegs i perioden har lærarane gitt tilbakemelding om dette og funne ut av kva som har fungert best. Til dømes er det stort forskjell på å ha ein eller to klassar gjennom ein slik periode. Det kan også vere krevjande for elevane å ha ein lærar gjennom heile perioden. At skulen sørger for å bryte opp og variere kan vere ei løysing på dette.

Fellesfaglærarane prøver å yrkesrette pensum og dette opplev dei er lettare ved at vekslingslærlingane faktisk har vore ute i ein arbeidssituasjon. Dei har meir erfaringar og kan bruke dette aktivt i fag som norsk og matematikk. Eit positivt tiltak er at også fellesfaglærarane får vere med elevane og sjå kva dei driv på med i praksis. Trass i desse tilpassingane skjer det ein haldningsendring etter at lærekontrakten er teikna. Ofte blir ikkje desse faga teke like seriøst fordi elevane då veit at dei er «sikre» på at dei kjem seg ut i jobb. Det er tilbakemeldingar på at tilsette i bedriftene snakkar ned desse faga overfor lærlingane. Lærarane er tydelege på at bedriftene heller må vise lærlingane viktigheten av desse faga slik at også lærlingane jobbar skikkeleg med dei.

Vekslingselevane får ikkje karakter i programfag gjennom opplæringsløpet, men går opp til ein endeleg tverrfagleg eksamen etter læreplanen for full opplæring i bedrift. I fellesfag får dei karakterar og her er vurderingspraksis annleis enn i eit ordinært løp ettersom vurderingspunkt må skje raskt gjennom seks vekers-periodane på skulen. Då er det liten tid til oppfølging av dei som slit, og det har vore tilfelle der elevar har levert stoff i etterkant når dei har stått i fare for å få «ikkje vurdert» i eit fag. Samstundes er ikkje vekslingslærlingane omfatta av 10 %-regelen for fråvær som gjeld for andre elevar, då dei er lærlingar. I fellesfag er dette eit problem, då fleire av vekslingslærlingane etter desse reglane ligg an til å få «ikkje vurdert» i enkelte fag. At pensum komprimerast til ei seks vekers periode er utfordrande med tanke på førebuing til eksamen. Til no har det sjeldan vore vurdert at ein vekslingsklasse har kome opp i nokre av fellesfaga. Noko av grunnen til dette har vore at det ofte har passa därleg med tanke på praktisk gjennomføring.

#### **4.1.3 Om elevane**

Elevane som vel vekslingsmodellen i tømrarfaget skildrast som ungdom som tidleg ønskjer seg ut i arbeid. Dei veit tidleg kva dei vil og er praktisk anlagt. Mange av elevane oppfattast som modne mens nokre gjerne er litt eldre. Ein føresetnad for å byrje på vekslig i tømrarfaget er at yrkesvalet må være tatt. Lærarane finn at dette i stor grad hjelper på når dei skal ut i praksis. Ettersom dei veit kva dei vil, har også elevane større motivasjon for å halde fram og lære yrket. Ved å reindyrke faget og satse på intensiv opplæring med mykje praksis, kjem kvar elev lengre på kortare tid og kan meir samanlikna med elevar i ordinære løp. Ein ser også at elevane som er kome langt i vekslingsmodellen kan mykje og gjer ein fullverdig jobb ute i bedifta.

Trass i at elevane er nøyne valt ut gjennom ein seleksjonsprosess som består av fleire testar og intervju har vekslingsklassane vore normalfordelte, i den forstand at ein finn alle typar elevar, frå dei skuleflinke til dei som gjerne slit på skulen. Primært er det motivasjon og praktiske ferdigheter som er førande for om eleven kjem inn på vekslingsmodellen og i mindre grad karakterar. Skuleleiinga opplev at dei utfordingane ein har i høve skuleprestasjoner, konsentrasjonsvanskar eller manglende interesse for fellesfag har sin naturlege forklaring i dette utvalet av elevar og er som forventa når ein søker denne målgruppa.

#### **4.1.4 Klasse- og læringsmiljø**

Klassemiljøet omtalast som normalt for ein gjeng ungdommar på denne alderen. Det er noko uro og støy, men lærarane finn at dette er heilt normalt for spesielt gutter som er på veg til å bli arbeidsfolk. Desse elevane har mykje av tida saman i klassen og er litt isolerte frå andre på skulen. Dette gjer at elevane er meir samansveisna utan grupperingar.

#### **4.1.5 Oppfølging og opplæring i bedrift**

Etter at lærekontrakten er signert og eleven er ute i praksisperiodane har lærarane noko oppfølging gjennom besøk på arbeidsplassen og korte samtalar med eleven og formann eller nærmeste rettleiar. Opplæringskontoret er dei som følgjer opp det meste av det praktiske kring opplæring og oppfølging av eleven. Det meste av kommunikasjonen mot bedriftene skjer via opplæringskontoret. Lærarane har lite kontakt med bedifta direkte, men dei har kontaktpunkt direkte dersom dette er naudsynt. Ansvaret for opplæringsløpet er fordelt mellom aktørane ved at opplæringskontoret konsentrerer seg om fagprøven mens skulen har kontrollen på yrkestorien undervegs og eksamen. Likevel oppfattar lærarane at elevane først og fremst er arbeidstakrar etter VG1 og at dei er inne på skulen for å ta «kurs» i form av yrkesfagleg teori mellom praksisperiodane. Lærarane er svært fornøgde med den opplæringsa lærlingane får i bedifta. Å være ute i bedrift gir ein heilt anna progresjon samanlikna med yrkesfagleg praksis ved skulen fordi lærlingane er utsett for realistiske arbeidssituasjonar som ein møter seinare i yrkeslivet. At mykje av den praktiske opplæringsa ligg til bransjen og bedifta ser lærarane på som svært positivt og er ein naturleg del av opplæringstradisjonane i tømrarfaget.

Ei utfordring som ikkje inntreffer på same måte i 2+2-løpet er variasjonen i den praksisundervisninga som lærlingane får i bedrifta. Det er ulik produksjon og det varierer kor mykje av pensum den enkelte lærling har vore innom. Dette er noko yrkesfaglærar må ta omsyn til når elevane kjem inn i skuleperiodane. Alle lærlingane er stort sett innom alle delar av faget i løpet av læretida og dette er bedriftene flinke til å passe på. Opplæringskontoret kan også omplassere lærlingane slik at dei får gå gjennom alle delar av faget. Enkelte av bedriftene er så spesialiserte at opplæringskontoret veit på førehand at lærlingen treng praksis i andre bedrifter for å dekke krava i læreplanen.

#### **4.1.6 Samarbeid mellom skulen og bedriftene**

Informasjonen mellom bedriftene via opplæringskontoret til skulen og motsett er heilt sentral for at ein skal kunne gjere justeringar underveis i den teoretiske undervisninga og praksisen ute i bedrifta. Bedriftene treng til dømes å vite på førehand når dei ulike skuleperiodane er lagt opp slik at dei planlegg eigen produksjon. Tilbakemeldinga frå bedriftene er at denne kommunikasjonen fungerer veldig bra.

Vekslingsmodellen førar også til eit mykje tettare samarbeid med skulen enn kva som er vanleg for opplæringskontoret. Leiar i opplæringskontoret er til dømes med i utveljinga av elevane før starten på VG1 og føljer opp i prøveperiodane når elevane skal velje bedrift det første halve året.

Hovudansvaret for skulen har vore den teoretiske opplæringa i skuleperiodane og at den følgjer læreplanen. Samarbeidet har ført til eit kollegaforhold mellom dei to aktørane og dei er blitt betre kjend med kvar sine utfordringar. Skulen er tydeleg på at ein på mange måtar er avhengige av at opplæringskontoret har ansvaret for å skaffe læreplassane og handterer kontakten med bedriftene, eit arbeid som skulen vanskeleg kan få til åleine. Likevel har samarbeidet slik det har vore praktisert opna dørene meir for skulen til å knytte kontakt med enkeltbedrifter. Dette nettverket vil til dømes kunne gagne andre elevar i andre opplæringsmodeller ved skulen gjennom å organisere praksisplassar og utplassering gjennom kontaktar i bedriftene.

#### **4.1.7 Effektar av forsøket og vidareføring av modellen**

Ein føresetnad for godt samarbeid er ifølge skulen og bransjen at ein held seg til eit opplæringskontor. Volumet av lærlingar er handterbart og utgjer om lag ein fjerdedel av alle lærlingane til opplæringskontoret. Dersom modellen skulle opnast opp for fleire opplæringskontor og bedrifter utanom opplæringskontorene ville dette medføre unødig mykje oppfølging frå skulen og andre. Lærarane meiner slik sett at veksling ikkje kan vere den einaste vegen for å utdanne seg til tømrar. Alle elevane er heller ikkje klare for eit slikt opplæringsløp.

I distrikta har ein ikkje det same rekrutteringsgrunnlaget for å byggje opp ein vekslingsklasse på same måten som er gjort ved Slåtthaug. Her vil kanskje ein 1+3-modell vere eit betre alternativ. Dette vil sikre eit tilbod til dei som tidleg har bestemt seg for yrkesveg og ønskjer denne spesialiseringa mot tømrarfaget. Uansett kva som blir framtidas opplæringsmodeller er bedriftene og opplæringskontoret tydelege på at dei ønskjer at lærlingane er lengst mogleg i bedrift under læretida. Tilbakemeldingane frå 2+2-modellen er at elevane ikkje har den same kunnskapen når dei byrjar i lære og det tek også lengre tid for at desse skal kunne bli sjølvstendige fagarbeidarar. Ein vekslingslærling eller ein lærling frå 1+3 eller 0+4-modellen er gjerne sjølvgåande det siste året i lære mens 2+2-elevane treng meir oppfølging.

Økonomi er eit ankepunkt for bedriftene. For å bli einige med bransjen om å kome i gang med forsøket vart det vedteke å halde finansieringa av modellen lik 2+2-løpet. Lærlingtilskotet er uendra og blir fordelt over ein lengre periode ettersom lærlingane tek opp ein plass over lengre tid. Det er eit ønske frå bransjen om at dei må få ein større del av pengane på sikt. Skulen treng likevel å få dekt kostnader til dei ressursane dei brukar til opplæring når elevane er inne. Ei mogleg løysing kan vere at bedriftene får meir av dei midlane skulen får i dag.

#### **4.1.8 Oppsummering skule og opplæringskontor**


- Vekslingsmodellen sikrar at mykje av opplæringa skjer ute i bedriftene i tråd med ønske frå bransjen og tradisjonane i tømrarfaget.
- Tidleg praksis og konsentrasjon om eit fag gir elevane meir kunnskap og tidleg spesialisering.
- Komprimering av fellesfag til seks vekers periodar er utfordrande og det er liten tid til oppfølging.
- Lærarane og opplæringskontoret har eit tett samarbeid som sikrar god oppfølging av elevane underveis i utdanningsløpet
- Alle områder i fylket har truleg ikkje det same rekrutteringsgrunnlaget for ein vekslingsmodell. Her må ein finne andre løysingar, t.d. 1+3-modellen.
- Eit uendra lærlingtilskot tilpassa 2+2-modellen er ikkje tilstrekkeleg for bransjen og ein må finne ei løysing på korleis ressursane kan fordelast.

## 4.2 ERFARINGAR FRÅ LÆRLINGANE

### 4.2.1 Val av veksling

Omrønt halvparten av vekslingselevane har valt opplæringsmodellen på bakgrunn av interesse og ønske om å kome raskt ut i jobb:

Figur 8: årsaker til at tømrarelevane har valt vekslingsmodellen. Prosent av respondentar. Fleire svar mogleg.




At dei veit kva dei og at det er meir praksis i bedrift ser også ut til å vere viktig. Mange svarer at dei er skulelei, men dette betyr mindre samanlikna med dei andre faktorane. Svært få har valt modellen på bakgrunn av at teori og praksis føregår separat. Når det gjeld informasjonen elevane har fått om vekslingsmodellen er det store fleirtalet fornøgde. Samanlikna med dei andre fagretninga er tømrarelevane i større grad fornøgde med informasjonen om opplæringsmodellen.

### 4.2.2 Veksling mellom skule og bedrift

Dei aller fleste tømrarelevane er fornøgde med fordelinga mellom periodane på skulen og i bedifta:

Figur 9: Tilfredsheit med tidsfordelinga i skule og i bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.




Dei fleste svara ligg rundt ein verdi som svarer til nokså fornøgd. Berre tredje året er noko lågare enn dei tre andre. Fjerde året er elevane er mest fornøgde med. Dette kan ha samanheng med at tredje året har tverrfagleg eksamen, mens fjerde året er det berre opplæring i bedrift, med unntak av sveineprøva.

### 4.2.3 Oppfølging og rettleiing

Tømrarelevane blei spurta om kor fornøgd dei er med rettleiing, hjelp eller støtte frå lærarane på skulen og i bedrifta:

Figur 10: Oppfølging frå skule og bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.





Dei fleste lærlingane ser ut til å vere nokså fornøgd med rettleiing, hjelp og støtte frå lærarane på skulen og i bedrifta (snittverdi 3,9 og 3,8). Når det gjeld opplæringa lærlingane har fått i regi av bedriftene er elevane svært fornøgd (4,4 i snitt). Likevel ser ikkje alle lærlingane at dei får praktisere det de har lært på skulen i bedrifta i same grad. Dette kan skuldast produksjonen i bedrifta lærlingen er tilsett i, som kan vere einsidig, eller berre omfatta delar av pensum i tømrarfaget. Svaret på dette spørsmålet kan truleg endre seg gjennom læretida, då opplæringskontoret skal sikre at lærlingen får den opplæringa som han eller ho har krav på, til dømes gjennom utplassering i andre bedrifter.

#### 4.2.4 Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i tømrarfaget

Hovuddelen av spørsmåla i undersøkinga er også å finne i lærlingeundersøkinga (UDIR). Spørsmål som er valt ut her kan kategoriserast som undervisning, arbeid i bedrifta, fagleg utvikling og rettleiing i bedrifta. Utvalet i lærlingundersøkinga består av alle lærlingar i Hordaland som tek tømrarfaget i skuleåret 2016/2017.

Figur 11: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingeundersøkinga (UDIR). Blå søyler er vekslingsundersøkinga, mens brune søyler er lærlingeundersøkinga. På spørsmål der det er signifikant forskjell (ved 95 % konfidensnivå), er søyla merka grøn. Feilmarginen (ved 95 % konfidensnivå) for vekslingsundersøkinga (tømrar) er +/- 2% og er vist som feilfelt.





Resultata viser at det først og fremst er på undervisning at vekslingslærlingane scorar høgare enn alle lærlingane i fylket. Generelt er snittverdiane for undervisning lågare enn for andre tema, både i vekslingsundersøkinga og lærlingundersøkinga. Når det gjeld yrkesretting av fellesfag (3,7), relevansen av den yrkesfaglege undervisninga (3,9) og lærarane si innsikt i møte med arbeidssituasjonen i læretida (4,1), svarer vekslingslærlingane meir positivt og signifikant høgare enn utvalet av alle lærlingar i fylket.

Ser ein på arbeid i bedrifta svarar dei fleste lærlingane i begge undersøkingane positivt. Alle snittverdiar ligg over 4. Vekslingslærlingane svarar likt med alle lærlingane kva gjeld meistring (4,1), kor godt dei vert behandla på arbeidsplassen (4,6), og hjelpstøtte frå instruktør/rettleiar (4,5), men vekslingslærlingane er i større grad motiverte for å lære i bedrifta (4,6) og trivselen er også høgare (4,5). Dei to sistnemnte er signifikant høgare snittverdiar. Grunna usikkerheita i svara (+/- 2 %)


Når det gjeld fagleg utvikling svarar vekslingslærlingane meir positivt enn alle lærlingar, men forskjellane er ikkje signifikante og kan vere eit resultat av tilfeldigheiter.

Rettleiring i bedrifta er målt gjennom tilbakemeldingar frå instruktør/rettleiar eller leiari, og om tilbakemeldingane bidreg til å forstå korleis læringen blir betre i faget. Igjen svarer vekslingslærlingane meir positivt, men her er det berre signifikant forskjell på om læringen får tilbakemeldingar frå instruktør/rettleiar/leiari. Det er ingen signifikant forskjell på om tilbakemeldingane bidreg til at læringen føler at han eller ho forstår faget betre.

#### 4.2.5 Framtidsutsikter

Eit stort fleirtal av vekslingslærlingane (98%) og alle lærlingar (95 %) innafor tømrarfaget, svarer at dei kjem til å fullføre læretida:

Tabell 4: Om fullføring av læretid, utdanning og vidare arbeid. Vekslingslærlingar (VU) og alle lærlingar (LU) innafor tømrarfaget i Hordaland. Prosent. Tal frå denne undersøkinga og lærlingundersøkinga (UDIR).



Det er berre 35 % av vekslingslærlingane som svarer at dei har planar om å ta vidare utdanning, mens 51 % av alle lærlingar i fylket svarer det same. Sjølv om delen som ikkje har planar om vidare utdanning er litt større blant vekslingslærlingane, er det også ein større prosentdel som er usikre på framtidig utdanning. Trass i at vekslingslærlingane ikkje ønskjer seg vidare i like stor grad som alle andre tømrarlærlingar, er det ein mindre del (63 %), samanlikna med alle lærlingane i fylket (75 %), som kunne tenke seg å arbeide vidare på arbeidsplassen etter fullføring av fag/sveinebrevet, men her er det fleire som er usikre (29 %).

#### 4.2.6 Oppsummering lærlingar tømrarfaget


- Elevane har valt vekslingsmodellen primært fordi dei er motiverte og ønskjer å komme tidleg ut i arbeid.
- Vekslingslærlingane er fornøgde med opplæringa og oppfølginga dei får frå lærarane på skulen og i bedrifta, men er klart mest fornøgde med opplæringa i bedrift.
- Det er likevel ein del elevar som ikkje får praktisere det dei har lært på skulen i bedrifta. Dette kan ha samanheng med kva som er produksjonen i lærebedrifta.
- Vekslingslærlingane er meir fornøgde med undervisning i skulen, er meir motiverte og får oftare tilbakemeldingar frå instruktør samanlikna med andre lærlingar.
- Det er ein mindre del av vekslingslærlingane samanlikna med andre lærlingar som har planar om meir utdanning etter fagutdanninga. Samstundes er det berre seks av ti som kan tenke seg å bli i lærebedrifta etter fagutdanninga, mot over sju av ti andre lærlingar i fylket.

## 4.3 ERFARINGAR FRÅ LÆREBEDRIFTENE

### 4.3.1 Informasjon og organisering

Dei aller fleste lærebedriftene i tømrarfaget er nokså fornøgde med informasjon dei har fått om opplæringsmodellen. Dette gjeld også fordelinga mellom skule- og bedriftsperiodane:


Tabell 5: Kor fornøgd er du med informasjonen du har fått om vekslingsmodellen og om informasjonen dei har fått. Snittverdiar basert på skala. Feilmarginen (+/- 3,1 %).



### 4.3.2 Samanlikning av vekslingslærlingar og ordinære lærlingar

Gjennom ulike utsegn om vekslingsmodellen har respondentane teke stilling til om vekslingsmodellen bidreg til at lærlingane er meir motiverte, har raskare fagleg progresjon, forståing for faget og auka yrkesidentitet:

Tabell 6: Utsegn om vekslingsmodellen. Lærebedriftar for vekslingslærlingar i tømrarfaget. Snittverdiar. Feilmargin (+/- 3,1 %).




Det store fleirtalet av rettleiarar i bedriftene er einige i at vekslingsmodellen bidreg til dette. Utifra resultata er det størst einigheit for at vekslingsmodellen aukar lærlingen si forståing for faget og at det gjev ein sterkare yrkesidentitet.

### 4.3.3 Samanlikning av vekslingsbedriftar med alle lærebedriftar i tømrarfaget

Lærebedrifter med vekslingslærlingar er stilt spørsmål om lærlingens haldningar og forståing for krav i arbeidslivet, hjelp og støtte frå rettleiar og samarbeidet med vidaregåande skule.


Resultata viser at lærebedriftene i tømrarfaget i større grad er einige i at vekslingslærlingane hadde gode arbeidshaldningar og god forståing for krava i arbeidslivet då dei byrja læretida. Desse forskjellane er statistisk signifikante.

Figur 12: Haldningar og forståing for krav i arbeidslivet. Vekslingssbedriftundersøkinga (HFK) og lærebedriftundersøkinga (UDIR). Snittverdiar skala. Der vekslingssbedriftundersøkinga har ein positiv signifikant skilnad til lærebedriftundersøkinga er søyla merka grøn.




Når det gjeld hjelp og støtte frå rettleiar er den klare oppfatninga at lærlingane får dette, uavhengig av opplæringsmodell:

Figur 13: Hjelp og støtte frå instruktør/rettleiar. Snittverdiar skala. Vekslingssbedriftundersøkinga (HFK) og lærebedriftundersøkinga (UDIR).



Vekslingssbedriftene i tømrarfaget svarar at dei i større grad er fornøgde med det samarbeidet verksemda har med vidaregåande skule. Skilnadene mellom dei to undersøkingane er statistisk signifikante:

Figur 14: I kva grad lærebedriftene er fornøgde med samarbeidet med vidaregåande skule. Snittverdiar skala. Vekslingssbedriftundersøkinga (HFK) og lærebedriftundersøkinga (UDIR).



#### 4.3.4 Oppsummering lærebedrifter tømrarfaget

- Bedriftene er fornøgde med informasjonen dei har fått om vekslingsmodellen og fordelinga av periodar i skule og bedrift.
- Bedriftene oppfattar at vekslingsslærlingane er meir motiverte og har ein raskare progresjon enn 2+2-lærlingar.
- Dei aller flest meiner også at veksling aukar lærlingen sin forståring og faget og gir ein sterkare yrkesidentitet
- Bedriftene som tek imot vekslingsslærlingar er i mykke større grad einig i at desse lærlingane hadde gode haldningar og ein god forståing for krava i arbeidslivet då dei byrja læretida, samanlikna med andre bedrifter som tek imot tømrarlærlingar i fylket.
- Bedrifter med vekslingsslærlingar opplev i større grad enn andre lærebedrifter at dei er fornøgde med samarbeidet med vidaregåande skule.


## 4.4 ERFARINGAR FRÅ LÆRLINGAR I FRISØRFAGET

Ettersom det førebels berre er to kull som er i gang med vekslingsmodellen i frisørfaget, vil denne evalueringa berre oppsummere funna frå vekslingsundersøkinga til lærlingane. Det er ikkje gjort intervju med lærarar, opplæringskontor eller andre sentrale aktørar. Vekslingsbedriftundersøkinga blei sendt ut til aktuelle lærebedrifter, men grunna få svar er ikkje desse resultata representative for å sei noko meir om kva bedriftene meiner om vekslingsmodellen.

### 4.4.1 Val av veskling

Som for dei andre fagretningane er det ikkje berre ein dominerande årsak til at lærlingane har valt vekslingsmodellen:

Figur 15: Årsaker til at frisørlærlingane har valt vekslingsmodellen. Prosent av respondentar. Fleire svar mogleg.




At lærlingane er skuleleie er den årsaka som er mest oppgjeve. I overkant av 1 av 4 svarar dette. Dette skil seg frå dei andre fagretningane der dette har vore ei tilleggsfaktor for eit mindretal. At lærlingane veit kva dei vil og har eit ønskje om å kome raskt ut i jobb er andre viktige faktorar. Interesse for faget, meir praksis i bedrift og at teori og praksis er kvar for seg er meir underordna for frisørlærlingane.

### 4.4.2 Veksling mellom skule og arbeidsliv

Frisørlærlingane er nokså fornøgde med fordelinga mellom tida på skulen og i bedrifta. Dei som har vore gjennom andre året svarar meir positivt samanlikna med dei som til no har teke første året. Ingen svarar her på den negative sida av svarskalaen.


Figur 16: Tilfredsheit med tidsfordelinga i skule og i bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.



#### 4.4.3 Oppfølging og rettleiing

Frisørlærlingane i vekslingsmodellen er nokså fornøgte med den rettleiinga og støtta dei får frå lærarane i skuleperiodane og i bedriftsperiodane (Figur 14). Dette gjeld også opplæringa i bedrifta så langt i opplæringsløpet. Lærlingane får i nokså stor grad praktisere det dei har lært på skulen i bedrifta. Resultata er på høgde med dei andre fagretningane.


Figur 17: Oppfølging frå skule og bedrift. Snittverdiar, høgaste og lågaste score.




#### 4.4.4 Samanlikning av vekslingslærlingar og alle lærlingar i frisørfaget

Hovuddelen av spørsmåla i undersøkinga er også å finne i lærlingeundersøkinga (UDIR). Spørsmål som er valt ut her kan kategoriserast som undervisning, arbeid i bedrifta, fagleg utvikling og rettleiing i bedrifta. Utvalet i lærlingundersøkinga består av alle lærlingar i Hordaland som tek frisørfaget i skuleåret 2016/2017.

*Figur 18: Samanlikning av resultata frå vekslingsundersøkinga (HFK) og lærlingeundersøkinga (UDIR). Blå søyler er vekslingsundersøkinga, mens brune søyler er lærlingeundersøkinga. På spørsmål der det er signifikant positiv forskjell for vekslingsundersøkinga (ved 95 % konfidensnivå), er søyla merka grøn. Dersom dei signifikante forskjellane er negative for vekslingsundersøkinga er søyla merka raud.*





I frisørfaget er det svært lite forskjellar mellom veksling og utvalet av alle lærlingar i fylket kva gjeld undervisning i yrkesfag, lærarane si innsikt, arbeid i bedrift, trivsel, meistring, motivasjon, fagleg utvikling og rettleiing. Dei små forskjellane som finst, er ikkje signifikante. Det vil sei at ein ikkje kan utelukke at forskjellane er tilfeldige mellom dei to gruppene. Ein kan ikkje sei at dei forskjellane som er observert er meir positive eller negative. Der det faktisk er ein statistisk signifikant skilnad er for undervisning i fellesfaga. Vekslingslærlingane er i større grad einige i at denne undervisninga er tilpassa faget deira.

#### 4.4.5 Oppsummering lærlingar frisørfaget

- I overkant av ein fjerdedel av vekslingslærlingane i frisørfaget valte opplæringsmodellen fordi dei var lei skulen. Ytterlegare ein fjerdedel valte det fordi dei veit kva dei vil, mens nesten like mange ville tidleg ut i jobb.
- Dei fleste er fornøgde med oppfølging og rettleiing på skulen, men er i større grad fornøgde med opplæringa i bedrift.
- Ein større del av vekslingslærlingane opplev at fellesfaga er tilpassa deira fag samanlikna med andre frisørlærlingar i fylket.
- Det er elles lite forskjellar mellom vekslingslærlingar og andre lærlingar i fylket kva gjeld motivasjon, fagleg utvikling, meistring samt trivsel og oppfølging i bedrift. På desse indikatorane scorar begge gruppene relativt høgt.

# 5 Gjennomføring i vekslingsmodellen

## 5.1 SAMANDRAG AV FUNN FRÅ STATISTISKE ANALYSAR

Det er gjennomført eigne analysar om gjennomføringsgrad, fellesfagkarakterar og grunnskulepoeng. Desse er samla i *AUD-rapport 3.2-18* (Hordaland fylkeskommune, 2018).

- Gjennomføringsgraden er omtrent 100% innan vekslingsklassane som starta prøveprosjektet i 2013 ved Slåtthaug vidaregåande skule (byggfag) og Olsvikåsen vidaregåande skule (HEA og BUA). Det er derfor fullt mogeleg å fastslå utan bruk av statistisk metode at vekslingsmodellen er en suksess med omsyn på høg gjennomføringsgrad og relativt gode yrkesfaglege resultat.
- Det er sterk korrelasjon mellom grunnskulepoeng og oppnådde karakterar i fellesfag innan byggfag, HEA og BUA.
- Dei to bakgrunnsvariablene grunnskulepoeng og karakterar i fellesfag har positiv innverknad på både gjennomføringsgrad og oppnådd karakter på fagprøve eller sveineprøve.
- Dei statistiske modellane viser at sannsyn for gjennomføring aukar jo høgare karakterane er i fellesfaga og jo fleire grunnskulepoeng eleven har. Den same positive samanhengen kan ein måle mellom karakter i fagprøve og karakterar i fellesfag og grunnskulepoeng.
- Analysen viser at vekslingelevane innan yrkesfag i gjennomsnitt har høgare karakternivå og fleire grunnskulepoeng samanlikna med elevar som tek yrkesfag i 2+2-modellen. Dette resultatet støttes av analyser som viser at vekslingelevane i Hordaland-forsøket scorar like bra eller betre enn 2+2-elevane på standpunktprøvar i utvalde fellesfag som norsk, matematikk og samfunnsfag. Desse analysane viser at vekslingelevane i snitt oppnår ca. 18% betre standpunktcharakterar samanlikna med elevane som følgjer alternative undervisningsmodellar. Frå desse resultata kan ein forvente at det yrkesfaglege nivået er noko høgare i vekslingsgruppa samanlikna med 2+2-gruppa.

### 5.1.1 Tolking av resultat

Ut frå dei statistiske resultata får ein inntrykk av at bruk av vekslingsmodellen gir særskilt gode resultat som bl.a. høg gjennomføringsgrad og gode fagprøvekarakterar. Resultata kan også skuldast eigenskapane ved sjølvle vekslingsmodellen. Den statistiske analysen visar at det er forskjellar mellom elevane i dei to modellane, bl.a. er det forskjell i grunnskulepoeng som er å rekne som ein bakgrunnsvariabel som har ein viss innverknad på gjennomføringa. Det kan også vere andre bakgrunnsvariable som t.d. motivasjon som kan ha innverknad på utfallet. Korleis elevane blir rekruttert til vekslingsmodellen, og at sjølvle rekrutteringa av vekslingelevar dreiar seg om å identifisera gunstige «bakgrunnsvariabler» kan ha innverknad på resultata som vert oppnådd ved bruk av vekslingsmodellen. Seleksjon eller «screening» av vekslingelevar kan vere ein del av årsaka til dei gode resultata, og i så fall inneber det at eigenskapen ved sjølvle modellen ikkje er heile forklaringa bak resultata.

# 6 Kostnadar og ressursbruk

AUD-rapport 3.2-18 drøftar nærare korleis ressursbruken er i vekslingsmodellen og ser nærmere på kva effektar dette har. Her omtalast berre dei viktigaste funna. Dette er meir utførleg diskutert i rapporten.

## 6.1 KOSTNADER KNYTT TIL ORGANISERING OG UNDERVISNING

Arbeid knytt til intervju av aktuelle elever som søker seg inn på veksling tek 1-2 timer per elev. Vekslingeleva har noko færre timar i skulen samanlikna med 2+2-eleven. Ein vekslingsklasse innan byggfag har ca. 20% mindre undervisningstimar på skulen samanlikna med 2+2-klassen. Partane som er involvert prøveprosjektet hevdar at vekslingsmodellen er noko *meir* ressurskrevjande å administrere (kontroll og oppfølging i bedrift) enn 2+2-modellen. Denne konklusjonen gjeld for alle område der vekslingsmodellen er prøvd ut (BUA, HEA og tømrarfaget). Men kor stor forskjellen er i «krone-og-øre», er ikkje lett å finne eit eksakt mål på utan å gjere ein detaljert evaluering.

## 6.2 TILGANG PÅ LÆREPLASS

Vekslingeleva får noko lettare tilgang på lærerlapp samanlikna med 2+2-eleven. Vekslingsmodellen krev at kvar vekslingelev har *lærepllass* i ca. fire år, medan 2+2-modellen krev lærepllass i to år. Vekslingsmodellen bidrar til å *halvere* omløpshastigheita på aktive lærepllassar. Denne praksisen kan bidra til å auke knappheita på lærepllassar. Konjunkturelle forhold og tilgang på arbeidskraft påverkar kor villige bedriftene i regionen er til å ta inn læringer, spesielt når det er snakk om eit lokalt arbeidsmarknad med få alternativ, t.d. ute i distrikta kor både bedriftstettleika og mangfaldet av bransjar er lågt. Dobling av læretida per elev kan redusere moglegheita til å få lærepllass. Lærepllass har ein *eigenverdi* då den, i tillegg til fagbrev/sveineprøve, er ein føresetnad for å få godkjend yrkeskompetanse.


## 6.3 MANGFALD OG NYTTEVERDI

I seg sjølv er det ein fordel at elevane har moglegheit til å velje mellom forskjellige undervisningsmodellar som alle leder fram til same kompetanse. Dette argumentet følgjer av at elevane ikkje er like, og følgjelig har dei ikkje dei same preferansane med omsyn på korleis dei best tileignar seg teoretisk og praktisk kunnskap. Men det er heller ikkje mogeleg å operere med for mange undervisningsmodellar, då dette følgjevis aukar administrasjonskostnadene, det blir færre elevar per klasse, behov for fleire lærarar aukar, og det gjer det er vanskeleg å utnytte stordriftsfordelar i undervisning og organisering.

Institusjonane som utformar og «lager» undervisningsmodellar står ovanfor eit *optimeringsproblem*, i og med at det handlar om å ta i bruk ein kombinasjon av utdanningsmodellar som både tar omsyn til forskjellane mellom elevane, og samtidig at modellane medverkar til å sikre «tilstrekkeleg» tilgang på kompetent arbeidskraft til lågast mogelig samfunnsøkonomisk kostnad, t.d. minimalisere fråfall og at dei ulike modellane gjev lik kompetanse for å hindre at dei er konkurranseridande.

## 7 Referansar

- Andersen, S., Høst, H., Nyen, T., Oldervoll, J., & Tønder, A. H. (2016). *Evaluering av vekslingsmodellen - delrapport 2.* Oslo: FAFO.
- Hordaland fylkeskommune. (2018). *AUD-rapport 3.2-18 Gjennomføringsgrad og kost-nytte analyse av vekslingsmodellen.* Bergen.
- Høst, H., Nyen, T., Reegård, K., Seland, I., & Tønder, A. H. (2015). *Evaluering av vekslingsmodellen i fag- og yrkesopplæringen - delrapport 1.* Oslo: Fafo.
- Høst, H., Skålholst, A., Reiling, R. B., & Gjerustad, G. (2014). *Opplæringskontorene i fag- og yrkesopplæringen – avgjørende bindelodd eller institusjon utenfor kontroll?* Oslo: NIFU.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.